



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 29.04.2024
Tidspunkt: 09:15

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 15/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 17/24	Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - ATV - kraftledning 420 kV kabel - Refsdal-Modalen		2023/6438

ST 15/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 16/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2023/6438-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 25.04.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	17/24	29.04.2024

Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - ATV - kraftledning 420 kV kabel - Refsdal-Modalen

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre avslår Statnett SF sin søknad om motorisert ferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde i perioden 29.04.24 til 07.06.24. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV, nr. 4 og naturmangfaldslova § 48, fyrste ledd og fyrste alternativ.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Statnett SF*, 24.04.2023.
- Uttale til tilleggssøknad, *Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell*, 22.04.2024
- Dispensasjon til motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Statnett SF*, 02.06.2023
- Utkast – Detaljplan for oppisolering av 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen (MTA), *Statnett SF*, 04.05.2022.
- Oppdatert konsesjon til kraftledning Refsdal-Modalen, *NVE*, 07.11.2022
- Fjellheimen villreinområde, kartlegging av arealbruk, *NVS Rapport 28/2020*
- «Ein forbetra tilstand for villrein», *Meld. St. 18 (2023 – 2024)*.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009.
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017.
- Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter.

Søknad Statnett SF:



«Det vises til søknad om dispensasjon for motorisert ferdsel i forbindelse med oppisolering av 300 kV kraftledningen Refsdal – Modalen gjennom Stølsheimen landskapsvernområdet, – datert 24.04.2023 samt vedtak fra Stølsheimen verneområdestyre – datert 02.06.2023, arkivsaksnummer 2023/6438-0.

Tillatelse gitt i vedtak datert 02.06.2023 gir Statnett tillatelse til motorisertferdsel i perioden 15.08. til 30.10.2023 og fra 01.07. til 30.10.2024. Statnett SF søker om at tillatelsen til bruk av motorisert kjøretøy, hhv. snøscooter og helikopter, både i landskapsvernområdet og i kalvingsområder for villrein (merket som H3 og H4 på tidligere oversendt arealbrukskart) utvides til perioden 29.04. – 07.06.2024, dvs. før 01.07.2024. Antall flyturer gitt i tillatelse datert 02.06.2023 endres ikke. Det søkes om dispensasjon med forbehold om følgende:

I landskapsvernområdet

- Bruk av helikopter med mulighet for landing (transport av montører, verktøy og utstyr inn og ut av området)
- Bruk av snøscooter, dvs. vintertransport på snødekt føre

I kalvingsområder for villrein

- Bruk av helikopter med mulighet for landing (transport av montører, verktøy og utstyr inn og ut av området)
- Bruk av snøscooter, dvs. vintertransport på snødekt føre

For motorisert ferdsel i kalvingsområder for villrein utføres tilstrekkelig kartlegging, enten ved hjelp av drone, snøscooter eller helikopter, av hvor villreinflokken befinner seg (til enhver tid). Kartleggingen utføres enten av Statnett, i samråd med Villreinnemda, eventuelt utpekt ressurs fra Villreinnemda, eller Statnett og Villreinnemda (eventuelt utpekt ressurs) i sammen. Motorisert ferdsel og arbeid i kalvingsområdet for villrein tillates kun ved konkret bevis på at det ikke er villrein i området, eller i tilstrekkelig nærhet til at flokken kan bli forstyrret av planlagt ledningsarbeid.

Statnett SF stiller til disposisjon både helikopter og ressurser med nødvendig tillatelse til bruk av droner ifm. kartleggingsarbeidet.


Eventuelle observasjoner av villrein rapporteres fortløpende til kontaktperson i Villreinnemda, Statsforvalter og Miljødirektoratet, eller én av instansene etter deres ønske.»

Statnett SF søker om å utvide tida for den motoriserte ferdselen i Stølsheimen landskapsvernområde i samband med oppisolering av kraftleidningen 300 kV Refsdal-Modalen. Statnett opplyser i tillegg at dei ynskjer å utvide tidspunktet fordi entreprenøren startar arbeidet frå Refsdal (aust for verneområdet) i dette tidsrommet, og fordi dei har planlagt utkopling av straum på linja i denne tidsperioden. Det vil også ha betydning for økonomien i prosjektet, at entreprenøren kan halde fram arbeidet som planlagt no.


07.11.2022 fekk Statnett løyve frå NVE til å bygga og drifta kraftleidningen Refsdal-Modalen på spenningsnivået 420 kV. Leidningen og mastene på denne linja er bygd for spenningsnivå 420 kV, men det må monterast fleire isolatorar i mastene, og ei toppline må skiftast for å oppgradera linja frå 300 kV til 420 kV. Som dei skriv i søknaden om utviding, har Statnett alt eit løyve for motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde i samband med denne oppisoleringa.



I vedtaket frå 02.06.2023 fekk Statnett løyve til transport med helikopter for transport av utstyr, materiell og mannskap for å utføra arbeidet med å oppisolera kraftleidninga, bytte ut ei av topp-linene og forsterka mastene. I landskapsvernområdet er det 28 master. Dei reknar med ca. 4 turar med helikopter pr. mast, det vil sei 120 turar totalt i verneområdet fordelt på to år. Arbeidet er planlagt over to år (2023 og 2024), og med ein periode på ca. 8 veker pr. år. Startdato vart sett seint begge åra av omsyn til villreinen i området.



Figur 1 Oversiktskart - Oppisolering av 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen. Kopi frå tidlegare innsendt søknad. Kalvingsområder er vist i gult.



Figur 2 Kart frå fylkesatlas som viser Stølsheimen landskapsvernområdet (innanfor grøn strek) og kalvingsområda (skraverte felt).

Lovgrunnlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:
«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsel på land og innsjøar er forbode, jf. pkt. IV nr. 4.

Verneområdestyret kan gje løyve til *«naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre»* jf. pkt. VI nr. 6.

Forvaltninga må vurdere om det er heimeleg for å behandla søknaden etter den generelle dispensasjonsregelen § 48 i naturmangfaldlova fyrste ledd og fyrste alternativ;
«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig.» Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane. Dersom begge vilkåra er oppfylt kan ein vurdere å gi dispensasjon. Da skal ein vurdere omfanget, miljøpåverknaden, naudsyntheita og presedensverkanen (jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014. § 48 er meint for spesielle



tilfelle som ikkje vart diskutert ved opprettinga av vernet og som kan beskrivast som bagatellmessige. Det skal ikkje vere ei utviding av verneforskrifta.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Statnett held på å oppisolera 300 kV kraftleidningen Refsdal-Modalen til 420 kV-kabel. Oppisoleringa av eksisterande kraftleidning vil ikkje medføre vesentleg endringar på landskapets art og karakter. Oppisoleringa er i førre løyve difor vurdert til ikkje å vera eit søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Motorferdsla i samband med tiltaket er søknadspliktig. NVE har vurdert oppisolering av kraftleidningen til 420 kV som eit viktig og naudsynt tiltak for å dekkja auka bruk av straum i Bergensregionen. Med ny søknad om utviding av perioden for motorisert ferdsel, må det vurderast om utvidinga er naudsynt og at ein har særlege grunnar for å kunne gje løyve om utvida periode for motorferdsla.

Kraftlina ligg i Fjellheimen villreinområde (Naturbase 25.04.24). Villreinnemnda gav ei offisiell uttale til denne saka. Dei skriv i si vurdering:

«Det er på denne bakgrunn villreinnemnda vurderer den omsøkte dispensasjonen frå Statnett til å vere heilt uakseptabel dersom målet er å ta vare på villreinbestanden i Fjellheimen. Det er i den siste tida registrert villrein i det fjellområdet der arbeidet er planlagt, m.a. har den siste minimumsteljinga (24. mars) som villreinutvalet gjennomførte, vist at ei fostringsflokk på kring 40 dyr held seg i denne delen av Fjellheimen. I tillegg er fleire dyr observert i nærliggjande område. Kalvingstida er frå byrjinga av mai og utover, og det er kritisk viktig at dyra får vere i fred i denne perioden.

Det er uråd for villreinnemnda til ei kvar tid å ha kjennskap til kor dyra står. Det krev i tilfelle døgnkontinuerleg overvaking, og det er det verken tid eller ressursar til, og det er heller ikkje ønskjeleg med omfattande dagleg motorisert aktivitet for å leite opp dyra. Statens naturoppsyn, villreinutval og villreinnemnd har ein viss oversikt, men langt frå den detaljerte oversikten som Statnett etterspør. Vi ser det derfor som lite realistisk å kunne gje klarsignal for eit arbeid som i beste fall berre fører til at dyra flytter vekk, til i verste fall at kalvingstida blir øydelagt.

Vi vil peike på at Statnett har fått ein dispensasjon frå Stølsheimen verneområdestyre som gjeld frå 1. juli til 30. oktober. Det er vårt syn at denne dispensasjonen må vere tilstrekkeleg, og heile poenget med å setje 1. juli som eit akseptabelt startpunkt for arbeidet er nettopp for at villreinen skal ha ro i kalvingsperioden.

Oppsummert vil villreinnemnda rå sterkt ifrå søknaden om dispensasjon om motorisert ferdsel i den aktuelle tidsperioden. Dette er den mest kritiske perioden for villreinen.»

Med denne uttalen, forvaltningsplanen for Stølsheimen og kartlegginga av Fjellheimen villreinområde frå 2020 er kunnskapen om området vurdert som god jf. nml. § 8.

I førre løyve vart det spesifisert at motorferdsle i utgangspunktet er ulovleg i verneområdet, og at den skal avgrensast til det som er naudsynt. Dato for oppstart vart satt til 15.08.23 og 01.07.24 med omsyn til villreinen. Med informasjonen Statnett gir i ny søknad kan forvaltar ikkje sjå at det er naudsynt å utvide perioden inn i kalvingstida. Ut i frå det villreinnemnda



skriv, kan konsekvensane for villreinen i dette området verte betydeleg da dette er midt i kalvingsperioden, og da det er observert ein fostringsflokk i området ved siste teljing. Sidan det er risiko for at motorferdsle kan skade villreinen i området vert føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vektlagt sterkt i denne saka. Skade på villreinen kan gå ut over føremålet til vernet ved å negativt påverk naturmiljøet som villreinen er ein del av.

Å opne opp for så omfattande motorferdsle i eit villreinområde under kalvingstida vil skape presedens for både dette og andre landskapsvernområde. Dette vil kunne gi ei stor samla belastning jf. nml. § 10. Noko som står i skarp kontrast med den nyleg lanserte stortingsmeldinga om Villrein «Ein forbetra tilstand for villrein», Meld. St. 18 (2023 – 2024).

Forvaltar meiner det ikkje føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta punkt IV, nr. 4. Forvaltar vurderer motorferdsle til ikkje å vere i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta punkt VI nr. 6. Etter å ha vurdert naudsyntheita, presedensverknaden og påverknaden tiltaket kan få på villreinen som ein del av naturmiljøet, vurderer forvaltar at det ikkje er heimel for gje dispensasjon etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.